

**KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1874/2003****2007/EØS/26/02**

av 24. oktober 2003

**om godkjenning av dei nasjonale programma for motkjemping av skrapesjuka i visse medlemsstatar, og om fastlegging av tilleggsgarantiar for avlsprogram for resistens mot TSE hjå sauer i medhald av vedtak 2003/100/EF(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbar spongiformencefalopati<sup>(1)</sup>, sistendra vedkommisjonsforordning (EF) nr. 1234/2003<sup>(2)</sup>, særleg kapittel A del 1 bokstav b) ii) i vedlegg VIII, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at medlemsstatane kan setje i verk nasjonale program for motkjemping av skrapesjuka dersom programma settar visse kriterium som er fastsette i den nemnde forordninga. Etter forordning (EF) nr. 999/2001 skal det òg fastsetjast eventuelle tilleggsgarantiar som kan krevjast for handel innanfor og import til Fellesskapet i samsvar med den nemnde forordninga.
- 2) I kommisjonsvedtak 2003/100/EF av 13. februar 2003 om fastsettelse av minstekrav til avlsprogrammer for resistens mot overførbar spongiform encefalopati hos sau<sup>(3)</sup> er det fastsett at kvar einiskild medlemsstat skal innføre eit avlsprogram med sikte på utveljing av TSE-resistens hjå visse sauerasar. I dette vedtaket er det òg fastsett at det kan gjerast unntak frå kravet om at ein medlemsstat skal innføre eit avlsprogram på grunnlag av det nasjonale programmet sitt for motkjemping av skrapesjuka i samsvar med forordning (EF) nr. 999/2001, og som omfattar ei jamleg og aktiv overvaking av sjølvdaude sauer og geiter i alle setnader i medlemsstaten.
- 3) Av omsyn til dyrehelsa bør nasjonale program for motkjemping av skrapesjuka godkjennast berre for medlemsstatar som vert rekna for å ha låg eller ingen førekomst av skrapesjuka på territoriet sitt. Sverige og Danmark har høvesvis 7. mars 2003 og 5. september 2003 lagt fram nasjonale program for motkjemping av skrapesjuka som vert rekna for å støtte dei kriteria som er fastsette i forordning (EF) nr. 999/2001, og begge

medlemsstatane vert rekna for å ha låg eller ingen førekomst av skrapesjuka på territoriet sitt. Difor bør det nasjonale programmet for motkjemping av skrapesjuka godkjennast for desse medlemsstatane.

- 4) På grunnlag av dei nasjonale programma sine for motkjemping av skrapesjuka bør Sverige og Danmark gjevast unntak frå det avlsprogrammet som er fastsett i vedtak 2003/100/EF, og det bør fastsetjast tilleggsgarantiar for handelen slik det krevst etter kapittel A i vedlegg VIII og kapittel E i vedlegg IX til forordning (EF) nr. 999/2001.
- 5) I framtida kan nasjonale program for motkjemping av skrapesjuka, saman med tilleggsgarantiar og unntak frå kravet om å innføre avlsprogram, godkjennast og fastleggjast for andre medlemsstatar. Desse tiltaka bør difor fastsetjast i ei forordning.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Godkjenning av nasjonale program for motkjemping av skrapesjuka**

Dei nasjonale programma for motkjemping av skrapesjuka som er lagde fram av dei medlemsstatane som er førde opp i vedlegget, er godkjende.

*Artikkel 2***Tilleggsgarantiar som gjeld driftseiningar**

1. Sauer og geiter som skal sendast til dei medlemsstatane som er nemnde i vedlegget, og som kjem frå andre medlemsstatar som ikkje er førde opp i vedlegget eller frå tredjestatar, må sidan fødselen og utan avbrot ha vore haldne på driftseiningar som har stetta dei følgjande kriteria i eit tidsrom på minst sju år før dei aktuelle dyra vert sende frå driftseininga:

- a) det har ikkje vore noko stadfesta tilfelle av skrapesjuka,

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 275 av 25.10.2003, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 119/2004 av 24. september 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasentære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 10.3.2005, s. 5.

<sup>(1)</sup> TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 173 av 11.7.2003, s. 6.

<sup>(3)</sup> TEU L 41 av 14.2.2003, s. 41.

- b) det har ikkje vore nytta nokon utryddingstiltak på grunn av skrapesjuke,
- c) ingen av dyra på driftseiningane er identifiserte som dyr som er i fare for å verte utsette for åtak, slik det er nemnt i artikkel 13 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 999/2001.
2. Sæd, embryo og egg frå sauer og geiter som er meinte for dei medlemsstatane som er førde opp i lista i vedlegget, og som kjem frå andre medlemsstatar som ikkje er førde opp i vedlegget eller frå tredjestatar, må skaffast frå donorar som sidan fødselen og utan avbrot har vore haldne på driftseiningar som stettar vilkåra i nr. 1.

#### *Artikkel 3*

##### **Offisielle restriksjonar på flytting**

1. Dei medlemsstatane som er førde opp i vedlegget, skal nytte dei offisielle restriksjonane på flytting som er fastsette i nr. 2, på driftseiningar som tek imot sauer eller geiter eller sæd, embryo og egg frå sauer og geiter, i eit tidsrom på sju år rekna frå tidspunktet då dei sist tok imot dyr, sæd, embryo og egg dersom:
- a) dyr, sæd, embryo og egg har opphav i ein annan medlemsstat som ikkje er førd opp i vedlegget, eller i ein tredjestat, og
- b) det i den avsendarmedlemsstaten eller -tredjestaten som er nemnd i bokstav a), har vore stadfesta noko tilfelle av skrapesjuke i eit tidsrom på tre år før eller etter tidspunktet då dyr, sæd, embryo og egg vart sende.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 24. oktober 2003.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

---

#### *VEDLEGG*

##### **Medlemsstatar som har fått godkjent det nasjonale programmet sitt for motkjemping av skrapesjuke**

Sverige

Danmark.

---

2. Driftseiningar som tek imot dyr, sæd, embryo eller egg som stettar dei vilkåra som er nemnde i bokstav a) og b) i nr. 1, skal underleggjast offisielle restriksjonar slik at sauer, geiter, sæd, embryo og egg ikkje skal førast inn i eller ut frå driftseininga, bortsett frå dyr som vert sende direkte til slakting.
3. Dei restriksjonane på flytting som det er gjort greie for i nr. 2, skal ikkje nyttast på mottaking av sauer med prionproteingentypen ARR/ARR eller på sæd, embryo og egg frå ein donator med prionproteingentypen ARR/ARR.

#### *Artikkel 4*

##### **Unntak frå kravet om å innføre eit avlsprogram**

I medhald av artikkel 3 nr. 1 første strekpunktet i vedtak 2003/100/EF vert dei medlemsstatane som er førde opp i vedlegget, gjevne unntak frå kravet om å innføre eit avlsprogram slik det er fastsett i artikkel 2 nr. 1 i det nemnde vedtaket.

#### *Artikkel 5*

##### **Iverksetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.